
Fra: Kjetil Kvåle

Emne: Strømstøtte til husholdninger som bor fast i fritidsbolig - Høyring

Hei

Vonar de tek inn mitt høyringssvar sjølv om fristen var i går.

Eg eig og driv eit hytteanlegg i Sogndal sentrum med 7 utleigehytter (ca 50m). Desse er no utleigd til studentar og unge etablerarar, med ordinære husleigeavtalar med 3 mnd. oppseiing. Dei som bur der er folkeregisterregistrert på adressa.

Hytteanlegget er regulert til utleigehytter, og har sidan 1986 vore utleigd til studentar om vinteren og turistar om sommaren. Vi hadde då delt mva kode slik at det var mva på turistperioden, medan utleige om vinteren var utan mva.

Når pandemien braut ut vart det umogleg å drive med turisme, so vi etablerte då fast utleige med 3 mnd. oppseiing. Vi måtte då gå ut av mva registeret sidan fast utleige ikkje er mva pliktig.

Mitt forslag er at ved vurdering av straumstøtte til fritidsbolig, eller utleigehytter i vårt tilfelle, vert eit av kriteria for støtte om utleigar har mva pliktig omsetnad eller ikkje. Mao. Om utleiga ikkje er mva.pliktig langtidsutleige, so er ein berettiga til straumstøtte sidan det er bopelen til leigetakar. På denne måten får ein nytta støtta der den er tenkt, samstundes so det ikkje let seg gjere å drive mva pliktig omsetnad samstundes som ein mottek straumstøtte. Eg meiner at dette er eit betre kriterium enn at ein må a vore folketalsregistrert på bustaden før straumstøtta trådte i kraft.

Med venleg helsing

Kjetil Kvåle